



HILLESTAD® Galleriet 2020

Hillestad Galleri **35 ÅR** 1985- 2020

vårutstilling frå 9. mai




SIGURD LINDSTRØM *bilete*

Hovudtema for bilda han nå viser i Hillestadgalleriet er ei utforskning av «sentimentale former» og dei utrykksmoglegheitene som ligg i ei sterk formforenkling, inspirert av kunstnarane Pablo Picasso, Jean Arp, Henry Moore; og ikkje minst dei rike formene i klassisk og moderne typografi.




BIBICHE MOURIER *keramikk*

Ho har vore kunsthandverkar sidan 1976 og elskar framleis den utrykksmoglegheita plastisk leire gir henne og å skape tredimensjonal form. Element frå naturen er veldig ofte utgangspunktet, anten det er strå sett i silhuett mot kveldshimmel eller blåbærlyng som teiknar seg mot ein mørk skogsbott.



ARNFINN HAUGEN *trearbete*

Treet er byggjande og kan formast, intimt og storslått, tradisjon og nyskaping, det sveller og er levande. Vi har bygd hus og reiskap, verna oss mot vind og frost, varma oss som i elden. Ein del av krinsløpet. Arbeida til Haugen har dette materialet som basis, uttrykket er matematisk og geometrisk.



OLA STEEN *bilete*

Tresnitt, røft skåre i finerplater med skjerejern, trykt på vakkert papir, i ein sliten men presis gamal koppartykkpresse, dyrkar Ola Steen det langsame i det grafiske utrykk. Han arbeider i eit abstrahert, figurativt formspråk.

<http://www.olasteen.no>

sommerutstilling frå 27. juni



FRANK BRUNNER *bilete*

Han er ein veletablert kunstnar, og har stilt ut både nasjonalt og internasjonalt. Som grafikar arbeider Brunner med litografi og etsing. Motivkretsen hans kretsar rundt menneske og dyr i både urbane og naturliknande settingar.

www.frankbrunner.com



TOM ERIK ANDERSEN *bilete*

Andersen har skapt eit særegi uteyrk ein kjenner att og hans surrealistiske motiv blir formidla gjennom eit reint og direkte formspråk. Titlane på bilda hans er viktige og må sjåast på som ein del av kunstverket.

Han held til i Drammen og har vore profesjonell kunstnar i over 20 år.

www.prolog.no



ÅSE SCHMIDT *keramikk*

Åse Schmidt sine fargerike krukker, koppar m.m. er igjen å sjå i Hillestad galleri. Tønsberg-keramikaren lagar arbeida sine i svart leire og teknikken begittning. Ho er oppatt av fargar, enkle former og kontrastar mellom det matte og det blanke. Blir inspirert av mønster på tekstil, fliser, naturen, musikk. Ho ønsker at arbeida hennar skal vere ei farge glede i kvardagen.

www.schmidt-keramiker.no

haustutstilling frå 22. august



JON ARE MYHRER

bilete

Myhrer, født 1992, kjem frå Minnesund og er elev hos Jan Petter Bratsberg. Målar dyre- og naturmålerier i ein naturalistisk stil, i olje- og akrylmåling. Hovudmotiva er fuglar i deira naturlege habitat, i tillegg til portrett av fuglar og dyr.

KJELLAUG GRIMSBY MYDLAND bilete

Gjennom årstidene i naturen med endringar i lys, form og fargar, inspirerer det henne til eigne uttrykk i ulike materiale. Akvarell, pastell og grafikk kan på kvar sin særreigne måte få fram kontrastar, valørar og stoffleight i t.d. landskap, og elles dei motiva ho arbeider med.

www.kjellaug-grimsby.no



JAN PETTER BRATSBERG bilete

Bratsberg målar med utgangspunkt i den klassisk-romantiske tradisjonen, med hovudvekt på nordisk natur og dyreliv. Er opptatt av artsmangfald og det vakre, men også vårt forvaltningsansvar for ein sårbar klode. Derfor er også vår eiga tids miljø- og klimautfordringar ein del av motivkretsen.

www.jpbratsberg.no

juleutstilling frå 31. oktober

Konsert i Tovdal kyrkje laurdag 31. oktober




KRISTIN HOSTVEDT porselet

Arbeider med porselets leire og er veldig opptatt av at den er gjennomskinleg og prøver å få den så tynn som mogleg. Blir fasinet av kor mjukt eit uttrykk porseletsleira får når ein tilfører ei lyskjelde. Eksperimenterer med ulike teknikkar for å bryte lyset på varierte måtar.



KRISTIAN FINBORUD bilete

Biletkunstnaren presentere seg som kunstnaren som forstår deg. Han har ei unik evne til å løfte fram store og små augeblick og med eit lunt blikk fangar han på humoristisk vis den norske folkesjela. www.finborud.no



RONNY BANK bilete

Biletkunstnar med kunstnamnet «Bank». Han har i dag sine arbeidslokale sentralt i Drammen sentrum. Utdanna illustratør og reklameteiknar frå Westerdals Reklame-skole i Oslo, og kunst/design ved Birmingham Institute of Art and Design i England. www.ronnybank.no



ALEXANDER STUB bilete

Han har blitt ein meister innan linoleumsnitt, ein teknikk som færre og færre arbeider med. Linosnitt er ein gammal teknikk som er i nær slekt med tresnitt. www.alexanderstub.no

Hillestad Galleri feirar i år 35 års jubileum og i første utstillinga, SAMMENHENGB, møter vi fire kunstnarar frå Risør som har hatt ein eller fleire utstillingar hos oss i desse 35 åra. På dei neste utstillingane finn vi også fleire kunstnarar som har følgd oss gjennom mange år. Samstundes ser vi framover og nye kunstnarar vil også stille ut i den over 200 år gamle driftsbygningen på Hillestad. Vi gleder oss over jubileumsåret og håper mange får ei god oppleveling av turen til Tovdal. Undervegs ser du spennande installasjonar langs vegen.


I galleriet har vi kunsthåndverk og grafikk frå mange kunstnarar i øvste etasje. I Kramløa i underetasjen er det interiørprodukt frå Broste Copenhagen og tekstil frå Ekelund, samt mykje meir. I gallerikafeen serverer vi sjølvsgart den gode, heimelaga kringla og den smakfulle suppa. Smykkeavdelinga har mellom anna eit rikt utval av sølv til Åmlibunaden. Vi arrangerer selskap, alt frå bedriftsmøter til bryllaup. Overnatting kan vi ordne på Hillestad feriesenter i flotte hytter med eige svømmebasseng.

Kunststi og installasjonar

Ved galleriet kan du ta deg ein tur i kunststien. Både tett ved galleriet og i dei nære omgivnadane er det små og store kunstverk installert ute i naturen.

Leikepark og turstiar

Utanfor galleriet er leikeparken for barn i alle aldrar. Her er nifse rutsjebanar, naturløype og bålplassar som alle kan bruke. Fiskeplassar langsmed elva. Det er 20 tilrettelagte sommerturløyper i Åmli kommune og seks av desse har utgangspunkt i Tovdal. Det er utelegehütter både nede i dalen og på Hillestadheia. På vinteren er det flotte oppkjørde skiløyper bare få kilometer frå Galleriet. Tovdal og Åmli er dermed ein ypperleg stad for å kombinere kunst, kultur og natur.



4. april – 3. mai kvar helg 12-16
Ekstra ope i påska, følg med på FB

9. mai – 26. juni

onsdag til fredag 11-16
laurdag og søndag 12-17
mandag 1. juni, 2. pinsedag 12-16
mandag og tirsdag stengt

27. juni – 16. august

mandag til fredag 11-17
laurdag og søndag 10-18

17. august – 30. oktober

onsdag til fredag 11-16
laurdag og søndag 12-17
mandag og tirsdag stengt

31. oktober – 20. desember

onsdag til söndag 12-16
romjula 12-15

Januar og fram til vinterferien er galleriet stengt.
Ring gjerne for avtale (både store og små grupper)
ved besøk utanom opningsdagane. For meir informasjon
og opningstider, sjå www.hillestad.no